BERGSET

Eidsgata 5
6770 NORDFJORDEID

29. september 2016

EUS ved elevar i 9C

1. **Miljøvenlege varer**
   R.L. Bergset ønskjer å vere ein butikk med miljøprofil. Varene skal vere bærekraftige i alle ledd. Det vil mellom anna seie at produsentane våre tek omsyn til miljøet ved val av råstoff, ved produksjon og transport. Å produsere bærekraftig varer kostar meir enn dersom ein ikkje tek slike omsyn. Vi er usikre på i kva stor grad kundane våre verdset miljøprofilen. Derfor ønskjer vi hjelp frå 9C til å kartlegge og gi råd knytt til miljøvenlege varer i butikken.
2. **Fastsetting av pris**
   Prisane på varene R. L. Bergset har i butikken er for det meste fastsatt frå leverandør og skal dekke løn og driftskostnadar og gje eit overskot til vidare utvikling og innkjøp. R. L. Bergset ønskjer hjelp frå elevane i 9C, til å fastsetje pris på eit produkt der salet går «litt tregt».

Oppdrag frå R.L. Bergset:

1. Gjennomføre ei undersøking om kundane si vurderer av miljøvenlege varer. Undersøkinga skal m.a. innehalde meiningar om prisnivå.
   De må kunne forklare omgrepet miljøvenlege/bærekraftige varer.
2. Setje opp ein priskalkyle for ei vare der de har med utgifter ved kjøp av vara (innpris), lønn og driftskostnader. Vedlegg.

- Vurdere tilbodspris på vara (sjå punkt ovafor). Kva minimum pris kan R.L. Bergset setje på vara før det blir tap?
- Lage ein tilbodsplakat for vara der det kjem tydeleg fram kor mange prosent kunden sparer på tilbodet.
- Kom med eigne forslag til korleis R. L. Bergset kan få fart på sal av denne vara.

Vi håpar 9C vil løyse oppdraget, og presentere arbeidet og råda de vil gje oss i ein rapport. I tillegg ønskjer vi ein munnleg presentasjon som de framfører for meg og resten av klassen **tysdag 1. november.**

Har de spørsmål til oppdraget ta kontakt på tlf xx xx xx xx

Lukke til!

Mvh

Signatur